



Mette Berit Moldrheim
Skintveitvegen 12
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/824 - 21/13460

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
26.02.2021

Løyve til oppføring av sommerstue og lager - gbnr 345/51 Vikebø

Administrativt vedtak: **Saknr: 283/21**
Tiltakshavar: Mette Berit Moldrheim
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av sommerstue og lagerbygg på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal etablerast som vist i teikningar og situasjonsplan vedlagt søknad datert 27.01.2021 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av sommerstue og lager som påbygg til eksisterande garasje, med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 46 m² og bygd areal (BYA) ca. 21 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 5,1 % BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.01.2021.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 27.01.2021 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Meland er definert som bustadar.

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 30% BYA.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 07.12.2020.

På situasjonsplanen er minste avstand til nabogrense vist til å vere 20,5 meter. Avstand til offentlig veg er opplyst å vere 14 meter.

Vatn og avløp (VA)

Ingen endring på grunn av tiltaket.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast

skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/824

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mette Berit Moldrheim, Terje Moldrheim	Skintveitvegen 12	5917	ROSSLAND
Terje Moldrheim	Skintveitvegen 12	5917	ROSSLAND